

# Møteprotokoll

Ryfylkefondet

<b>Utval:</b>	<b>Ryfylkefondet</b>
<b>Møtestad:</b>	<b>Fylkesordførers kontor, Stavanger</b>
<b>Møtedato:</b>	<b>05.12.2019</b>
<b>Tid:</b>	<b>kl. 11.30 – 13.00</b>
<b>Til stades:</b>	<b>Arne Bergsvåg, Gerd Helen Bø, Bjørn Laugaland, Irene Heng Lauvsnes, Bjarte S Dagestad og Asbjørn Birkeland.</b>
<b>Forfall:</b>	<b>Marianne Chesak</b>
<b>Sekretær:</b>	<b>Geir Ims</b>

## SAKLISTE

### **33/19      GODKJENNING PROTOKOLL MØTE 20.09.19 Tilråding:**

Tilråding:  
Protokollen vert godkjent slik den ligg føre.

Vedtak:  
I samsvar med tilråding- samrøystes.

### **34/19      AKTIVITETSPARK JØRPELAND**

I denne saka erklærte Irene Heng Lauvsnes seg som ugild.

Tilråding:  
Ryfylkefondet løyvar kr. 500.000,- til fullføring av parkour i den planlagte aktivitetsparken på Jørpeland.

Vedtak:  
Saka blei utsett med 4 mot 1 stemme, Bjarte S. Dagestad røysta for tilrådinga.

**35/19 BRUK AV MIDLAR TIL MOBILDEKNING – SAUDA KOMMUNE**

Tilråding:

Styret godkjenner at Sauda kommune får nytta kr. 500.000,- av dei totalt 1.013.328,- som Ryfylke IKS har disponibelt til formålet.

Vedtak:

I samsvar med tilråding - samrøystes

**36/19 SØKNAD OM STØTTE TIL BYR FASE 2 TILTAK – FORSAND KOMMUNE**

Bjarte S Dagestad erklærte seg som ugild i denne saka.

Forslag til vedtak:

Styret løyvar kr. 400.000,- til Forsand kommune til dei omsøkte tiltaka.

Vedtak:

Saka blei utsett med 4 mot 1 stemme. Irene Heng Lauvsnes røysta for tilrådinga.

**37/19 SØKNAD OM STØTTE TIL NY ARBEIDSBÅT – RYFYLKE FRILUFTSRÅD**

Tilråding:

Styret løyvar kr. 1.000.000,- til Ryfylke Friluftsråd til kjøp av ny arbeidsbåt.

Vedtak:

Samrøystes i tråd med tilråding.

**38/19 SØKNAD OM STØTTE TIL PRODUKSJON AV KORTFILM – SIRI BRÅTVEIT**

Tilråding:

Ryfylkefondet løyvar kr. 30.000,- til det omsøkte filmprosjektet.

Vedtak:

Søknaden vert ikkje imøtekomen med 5 stemmer, Gerd Helen Bø røysta for tilråding.

**39/19 SØKNAD OM STØTTE TIL KOFIRMANTLEIR – RYFYLKE PROSTI**

Tilråding:

Ryfylkefondet løyvar kr. 250.000,- i støtte til konfirmantleir på Sand som ei eingongsløyving. Fondet kan ikkje bidra med dette som eit årleg

bidrag.

Vedtak:

Søknad vert ikkje imøtekomen med 5 stemmer, Bjarte S Dagestad røysta for tilråding.

**40/19 LØYVING AV MIDLAR TIL RYFASTMARKERING 30. DESEMBER**

Tilråding:

Ryfylkefondet løyvar inntil kr. 150.000 i støtte til opningsmarkering på vilkår av at plan og budsjett vert forankra i Ryfylkerådet.

Vedtak:

I samsvar med tilråding- 5 stemmer, Bjarte S Dagestad røysta for avslag på søknad.

**41/19 ORIENTERINGS- OG DRØFTINGSAKER**

Tilråding:

Orienteringssakene vert tekne til vitande.

Vedtak:

Samrøystes i tråd med tilråding.

**42/19 YMSE**

Strategi samling Ryfylkefondet 2020 – 2024.

Arne Bergsvåg informerte om drøftingane knytt til beslutninga om at Rogaland fylkeskommune vil delta i Ryfylkefondet i ny 5 års periode.

Vedtak:

Styret ber dagleg leiar om å organisere ein strategisamling der Fylkeskommunen og dei kommunane som vil delta i ny 5 års periode samlast for å einast om både størrelse på bidrag og om retningslinjer for bruk av fondsmidla.

Hjelmeland, 05.12.2019

Geir Ims